



Norske Embættsmänner

Taler

Arne Garborg

Sted

Studentmaallaget, Kristiania

1 [...]

I desse siste Tider er Høgskulen vaar komin upp i eit Uføre av eit serskilt Slag; han hev fengi Studentar som er norske. Norske, ikkje berre etter Heimstad, og
5 ikkje berre av Ætt, men norske heilt ut, i Tenkjemaate, ja i Tungemaal.

I Tungemaal med. Og det er det verste. Halvnorske Studentar hev Høgskulen
10 lengi løti dragast med; men heilt norske, - det er ein ny casus. Og ein leid casus. Den norske Høgskulen greider alle andre Tungemaal; ingin kann daa vente at han dertil skulde greide norskt. Han stend reint ille uppraadd med desse norske Studentane.

15

Med same kann det høyrast rart ut, at den norske Høgskulen ikkje skulde klara norskt; Høgskular plar da elles kunne sine eigne Landsmaal. Men naar ein
20 tenkjer seg um, so hugsar ein, at det er det danske Norig me liver i; og daa skynar ein alt med ein Gong.

Den Fredrikske Høgskulen i Kristiansby er dansk, som ein kann skyna berre av
25 Namne. I Dansketidi kom han i Gang; fraa Danmark fekk han sin Skipnad og sine Lærarar. Og Danmark hadde naatt so langt den Gongen, at det hadde vorti danskt. Sidan hev Fredrikshøgskulen haldi paa Tjodskapen og Maale sitt, som i seg sjølv rett skulde vera. Uttala hev fengi eit Grand Provins-Svìp, det er sant; men anna [side 4] var ikkje ventande. Og um Tungeslage ikkje lenger er reint, so

er Hjarta so mykje reinare. Med Nebb og Klo held Høgskulen fast paa Heimemaale sitt, det Maale som Oldenborgarane sjølve - elles ikkje alltid vyrde so sers.

35

Det er nok so: det kom her i Norig eit Aar, som førde Tale 1814. Men det som daa gjekk for seg hev vorti mistydt, som me veit. Naar me ikkje reknar ein og annan Einstøding, som Wedel-Jarlsberg og slike, so var Tanken i 1814 hjaa alle
40 norsk-danske den: aa berge Norig for Oldenborg-Ætti. Den norske Grunnlovi vart daa og skrivi paa danskt; paa fint danskt. Og Ervingen til den danske Kongsstolen vart med Eldhug tekin til norsk Konge. Det kom sidan ein 4de November. Men den vart tvinga innpaa dei trugne norsk-danske med fraandt Vald. Sjølve lika dei seg lite den dagen.

45

Men jamvel Svensk-Samfeste vart til Bate for det danske i Norig. Under dei lange og leide Svenske-Stridine vart Danskdomen beint fram «norsk»; ja sjølve
50 det danske Maale kom med i denne Umdøypingi. Det vart so, at det Maale som i Norig stod imot Svenskemaale, det fekk ein sjølvstekt kalle det norske Maale; og so vart gjort. Alle var med paa det. Og dermed var danskt norsk; og Danskdomen sat fastare i sitt norske Sæte enn han noko-sinn hadde gjort. At Høgskulen gjekk med paa denne Umdøypingi segjer seg sjølv; dermed vart
55 Umdøypingi jamvel Vitskap. Det norsk-danske Norig hev livt paa denne Lygni i snart hundrad Aar no, og livt rett godt.

60 Men um ein kann liva godt paa ei Lygn, trygt liver ein no ikkje. Um det danske Maale var aldri so fastslegi norskt, kom det etterkvart [side 5] dei som vilde «fornorske» det attpaa. Det viste seg, at det norske Folk med alt Danskeknot endaa ikkje tala reint danskt - «norsk» som det heitte no -; det var norske, i rett Meining norske, Ord aa høyra enno, alt inne i Byane. Desse norske Ordi skulde
65 daa det «norske Sprog optage», meinte Maalstrævarane.

70 Men dette brydde ikkje Kulturfolke seg um. Det greidde seg med Danskemaale som det var; det fann all sin Norskdom fullgodt «udtrykt» i Danskemaale. Og Folke, - ja kva skulde no i Grunnen det med «Sprog». Til kvardags greider det seg med sitt «Urskogsmaal». Og elles, dei nokre faae danske - hm, «norske» - Ordi det turvte lærde det alltid. Hadde me kje «Folkeoplysning»?

75

Men laakt Samvit er seigt. Striden um norske Ord i det «norske Sprog» varde lengi. Ja enno klunkar eitt og anna Blad so smaatt um «Fornorskning», naar det
80 gjeld um aa snakke Stortingsbøndar i Logn.

I Grunnen saag det daa godt ut for Danskemaale i Norig. Alle her heime kalla
85 det norskt; og Danskane fann seg i dette, so i Kvardagslage. «Norskhedstiden» fraa Tretti-Aari fekk Ende; Wergeland døydde; alt syntes jamne seg.

90 Men so skulde det hende ein Dag, at det norske Norig vart attfunni.

Høgskulen var uskyldig i dette heilt og fullt. Det var ein litin stillfarande
95 Bondegut fraa Sunnmøre som var Finnaren, ein som aldri hadde so mykje som sétt Høgskulen dessmeir. Men gjennom eit Vitskapsverk som ikkje lét seg skuve til Sides, ja som vart godkjent av sjølve P. A. Munch, lagde han Norigs Maal fram. Der stod daa det norske Danmark.

100

Men det samla seg att. Og Norskemaale vart fagna i Heimlande sitt som den rette Ervingen alltid vert fagna, naar ein framand hev eigna seg til Garden hans. Det vart sagt til denne Ervingen med baade beiske Ord og med sutefulle: kunde
105 du ikkje likso godt vori det du var. Og naar me tenkjer oss um, so kann me ikkje undrast paa dette. No hadde daa alt set so hyggjelegt og fredelegt ut for dei norske Danskane.

Men ein fekk vel finne paa Raadir. Det danske Maale vart verande «det norske Sprog»; det rette norske laut faa seg eitkvart anna til Namn; det vart heitande «Landsmaale». Og etterkvart skyna dei norskdanske, at dette same Landsmaale
 115 laut faa seg eit lite Róm i ei Kraa, so vidt at ein kunde faa Fred for det; det hev i det heile vori mykje Strid med «dette Maale».

120 Og Maale hev greidt seg til dessa. Ja det er komi so til Magt, at um Framanddomen raader i Lande aldri so sterkt, so kann endaa slikt henda som dette utrulege, at Fredriks-Høgskulen fær norske Studentar.

125

Korleis det heretter skal gange er ikkje so beint aa spaa. At den norske Høgskulen, som maa kunne alle andre Maal, ikkje dertil kann lære norskt, veit me. Og dei norskdanske Riksmagtine - vil visst vera so rimelege som dei kann. Me fær bruka den norske Maaten: drygje og sjaa. Det lagar seg vel. Me hev ei
 130 sterk Tru paa Retten. Og me veit, at Trui kann flytja Berg. Nett i denne siste Tidi hev me fengi eitt Berg flutt; det andre kann ljote til Havs det med eingong. Sjølv Fredriks-Høgskulen kann kome til aa lære norskt; han hev alt ein norsk Lærestol; ingin veit noko.

135

Framanddomen er gamall og seig. Men Live hev Magti; Retten vinn; - me kjem ikkje ifraa det, me Nordmennane.

140

*

145

Men enno er det Stykke fram.

150

Skulevegen er i Røyndi halvtstengd for oss. Dei norskdanske hev Skular heilt fram paa sitt eigi Maal; me hev ikkje det. Vegen vert daa tyngre for oss; me maa arbeide meir enn dei, um me vil vinne likso langt fram; den norske Borgarretten er so for oss norske. Me veit dette no. Norsk Ungdom veit i det heile so mykje,
155 at kann han velja millom Skulevegen og Amerikavegen, - han vèl den siste helst. Naar det daa ikkje er nokon serskild Hug, som dreg hi Leidi.

160 Serleg Høgskulen lokkar ikkje so mykje no som han hev gjort; Tidine skifter. Den gamle akademiske Gudevegen hev vorti Liveveg; altfor mykje. Han hev jamvel skift seg i tvo. Og berre den eine av desse tvo Vegane gjeng um Olympen. Eller no berre um Rom. Draumane, Diktglansen hev slokna. Ein høyrer knapt nok Tale um det ideale Studenterliv lenger. Studenten au lyt
165 tenkje paa «det praktiske». Vitskap i høgre Meining er elles noko som alltid er berre for dei faae; og i desse Tidir skal Hùgen for Vitskap hjaa Ungdomen vera i Minking helst; ein kann høyre sterke Klagemaal yvi dette.

170

Ikkje er Høgskulen den einaste «høge Skulen» heller lenger. Andre Skular er komne upp, som gjeng um Lag likso mykje, ja fører i visse Maatar lenger fram; ein dugande Mann som er «praktiskt» upplærd kann soleis no tena mykje meir enn ein Embættsmann. Ein veit det; og gjev Gaum etter det; Handelstidi døyver
175 Lærdomstidi. Dette kann ein segja ymist um. Men Folk lyt taka Tidi som dei finn ho, velja sine Vegar etter dei Vilkaari som bydst. Ein hev kje meir enn ei Livetid aa gjera med, maa-tru. Me Bondesønir, som hev serskild tung Skuleveg, men ikkje nokon serskild lett «Ebættsveg», søkjer daa og helst inn paa andre Leidir.

180

Heilt bør me likevel ikkje lata oss skræme burt. Um det ikkje er so mykje aa «tena», so skulde det for norske Menner vera ikkje so lite aa gjera paa
185 Embættsvegen.

190 I Live, i det aalmenne Framgangsarbeide, skulde Embættsmenner som var framgjengne or Folke kunne vera dette til mykja Gagn og Hjelp, av di dei skulde kjenne og skyna Folke. Det var dette eg vilde minne um i Kveld.

195

Det er so, at den norske Embættsmannen her vil hava ein Fyrimùn framfor den norskdanske; han hev ein djupare Kjennskap til aalmenn Mann. Eg tarv ikkje fortelja det me alle veit: at me hev havt, og enno hev, norskdanske Embættsmenner, som vinn seg gjenom alle Vandskar og gjer Gagns Arbeid, som
200 me alltid vil vera deim takkskyldige for; me hev jamvel her Namn som er landskjende. Men der den framande lett tek i Miss, og daa lett vert misstydd, seinka, jamvel heiltupp hindra, skulde den norske vera trygg paa aa finne Veg, um han so bere var ein Mann med vanleg godt Vit og Hjartelag. Norske Embættsmenner skulde i det heile kunne faa upp meir Tillit, og dermed meir
205 Samhug og Samarbeid, millom Em-[side 9]båttsstande og Landsfolk. Og det vilde vera ein stor Ting. Ikkje minst no.

210 Det segjer seg sjølv, at den som fra fyssto høyrer Folk til, vert lettast og tryggast kjend med det; kann og best samtala med det; hev han so dertil vori ute og lært, skulde denne Heimekjennskapen hans kunne vera til stor Nytte. Det er med Folke som det er med oss alle; me maa kjenne den me skal tru; og lettast lærer me vaare eigne aa kjenne. Veit Folke, at Embættsmannen fraa fyssto er vaksin upp
215 under Vilkaar av same Slage som dei det sjølv liver under, og høyrer det, at han er som ein annan Bygdemann aa tala med, so kjem Kjennskapen av seg sjølv, nar han trengst. Og med Kjennskap kjem Tillit.

220

Der er Ting som den framande seint og stundom aldri kjem heilt inn i; det kjenner Folke paa seg, og stengjer seg meir eller mindre av. Utanpaa kann alt synast godt og vel; den framande skynar ikkje rettare enn han hev Folke med seg. Og so misstek han seg kannhende verst, der han meinte det best. Mange hev paa

den Maaten mist heilt upp Trui; daa visst Arbeidshugen.

230 Det er ofte nok Folke som i slike Tilfelle fær gali. Men det er gamall Urett som
hemner seg; Folk hev vori ute for so mangt. Ill Røynd hev skapt Mistru, og
Mistru er seint sløkt. Framandt Maal og Maate gjer sitt; er meir i Vegen enn den
framande vanleg skynar. Det hev mykje paa seg for ein Embættsmann aa høyre
Folke til, um han skal faa gjort Gagns Arbeid.

235

Folk treng Fyrigangsmenner som det trur, og som det kann tala med. Det treng
Embættsmenner av sine egne, liksom det i gamle Dagar hadde sine egne
240 Hovdingar. I fem hundrad Aar hev det livt under framande, fyrst slike som det
slogst med, siden [sic] slike som det ikkje rett kjenner - Undantak fraarekna. Eg
skal til Døme nemne ein Ting som den, at Bonden visst ikkje ofte kann tala
noko vidare jamvel med deim som serskilt skulde vera hans Fyrigangsmenner:
dei Lærarane i Jordbruk som Staten læt'n faa, - um ein elles kann dømme etter det
245 Bokmaale «Agronomane» vaare plar bruka. Det er eit Maal som er minst likso
framandt som Juristmaale. At Bonden i det heile kjenner seg framand i Lag med
Embættsmennene sine, det ligg under i all den Striden me hev havt millom desse
tvo Folke-Lagi her il Lands.

250

Bonden «greider seg», veit me; det er ikkje det. Han hev eit godt Hovud; lærer
dei Ordi og Talemaatane som han treng, og stend ikkje lett fast. Men han røder
ikkje meir med desse Framandkarane enn han er nøydd til; og di fullare Lande
255 vert av Embættsmenner og Byfolk, di mindre skal det til fyrr han vert leid seg og
fær ifraa alt ihop. Han vert ikkje stort meir framand i Dakota enn han her er,
tenkjer han.

260

Det er Heimkjensla, Heimhugen, me maa faa upp att. Og Heimefolk til
Embættsmenner vil vera noko av det som her mest skulde hjelpe. Eg minnest
korleis det var med meg sjølv i mi Heimetid, naar det var ein Gong eg laut gange

265 ei Ærend til ein Embættsmann, som Presten t. D. Eg trur aldri eg hev kjent meg
so forpint som eg daa var, og det um Prestfolke var aldri so snilde mot meg.
Verst var det sjølv sagt med [side 11] det at eg ikkje kunde tala so fint som dei;
det pinte meg serskilt.

270

Reint annleis var det aa koma til Lensmannen - Stortingsmann Mossige -; han
tala som me, han, so der kjende eg meg heime. Røyntslur av det Slage hev me vist
nokon kvar; og Røyntsla vil her, tenkjer eg, vera ein god Læremeister.

275

Det er lettare aa rive enn aa byggje, og gjeng fortare aa rengje enn aa rette; men
byggje og rette maa kunne gange det med, fær me tru. Norske Lærarar hev me
280 fengi, som gjer mykje godt Arbeid; og fær desse dertil etterkvart Studnad i eit
norskt Embættsstand, vil Lande snart verte heimslegare for det Folke, som der
skulde vera heime.

285

Det gjeld um aa feste Folkerøtane att; trygt maa dei gro i Heimejordi. Skule og
Lærdom maa ikkje vera framande Magtir som bryt inn og riv up; dei maa vera
liksom Regn og Sol, som doggar og vermer og fær Vokstrane til aa skjote fram
med Kraft av sine eigne Røtar. Lærdomsklassa i eit Folk skal vera som Lauv paa
290 Trê; det sugar Luft og Ljos og fær dermed heile Voksteren til aa trivast.

Eit Embættsstand etter nyare Meining er ikkje eit Herrestand; det ma vera eit
295 Organ, ein Reiskap for Folkevoksteren. Sjølve Orde Embættsmann er betre enn
me vanleg hugsar paa; det tyder Tenar; og den som kann vera i rett Meining
Tenar for Folke, - han er samstundes Folke-Hovding.

300

Det me Studentar skal vera, det er daa Menner av Folke som er ute og lærer, og
som sidan fer heim att og er Folke til Hjelp med det me hev lært. Naar me fær eit

Embættssstand som heilt ut skynar dette, vil Folke vera paa Framveg att.

305

For gjenom sitt Embættssstand, sine aandelege Førarar, vil det daa kunne fylgje med i alt som kjem upp av gagnlegt, men fylgje med paa den Maaten som høver
310 for det, og høver med Vilkaari det liver i. Og som Embættsmannen vil sjaa sin Skyldnad i aa faa det med paa vitugt nytt, so vil han ikkje mindre hjelpe til med aa halde uppe Samanhenge i Folkelive. Og her som elles vil han, so sant han kjenner Folke sitt rett, arbeide mindre med Ord enn med Fyridøme. Han vil vise Folke den rette Framgangsmaten, og vise at den Framgangsmaaten er rett.

315

Fær me t. D. Embættsmenn, som fører eit norskt Hus, liver etter god norsk Folkeskikk, so vil desse Embættsmennene berre med det stengje for mykje av
320 den dyre og halvfine Framanddomen som no paa alle Kantar strøymer inn og øyder og riv upp; betre enn heile Herar med Bladskrivarar og Talarar vil dei kunne stengje og tryggje. Og fekk me norske Embættsmenn med likso gode norske Konur, so kunde me dertil faa upp att det gamle Heime-Arbeide som Landhandlar-Kulturen hev øydt ned; alt no skynar Folk mange Stader at dei
325 vilde staa seg paa dette. Lands-Handverke vilde i det heile livne upp att, so til Husbruk daa visst; Folk vilde sjaa, at det lét seg gjera aa faa Klæde som varde og heimslegt, hyggjelegt Husstell, for Prisar som ikkje jamt dreiv deim til Banken. Heime Arbeid og Heime Dugnad saman med vitug Sparsemd som i gamall Tid vilde koma upp att utruleg fort, naar Folke hadde vituge Fyridøme aa ganga
330 etter. For det er av Fyridøme det lærar, meir enn av Bøkar, um Bøkane elles var dei beste. Og hev me ført Folke villt, so skal me ikkje preika for det, men sjølve finne Vegen att, og lære det aa gange Vegen. Folke vil sjaa fyrr det trur, daa visst naar det gjeld Ting som ikkje glør i Augo; og det kann ein ikkje segja noko større paa.

335

Det er i det heile «Maalstræv» som trengst, Norskdom gjenomført i det norske Liv, norsk Kultur med eitt Ord; den vert billeg, av di han høver med Vilkaari, og
340 fin, av di han høver med heile vaart Liv og Lag, og soleis fær «Stil», Meining, Samanheng. Innførd Kultur er alltid Halvkultur. Det ser ein so ille tydelegt kvar

345 Gong ein hev vore utanlands og kjem heim att - og daa ser alt dette heimførde
og samanhengslause, som paa framand Grunn strævar med aa vera Kultur her
hjaa oss.

350 Kultur tyder Dyrking. Kultur er noko som maa vekse. Av sin eigin Grunn maa
Kulturen vekse; innførd Kultur er som kunstigt Haar; det er ei Naudberging for
den som hev misst sitt eigi. Eit Folk innfører slikt som det treng til Utfylling av
serskilde Krav; Kultur er Liv, Arbeid, Samanheng; Kultur let seg ikkje innføre.

355 Ein annan stor Ting vilde det vera, at norske Embættsmenner vel skulde klara
seg tølleg godt med dei ikkje store norske Embættslønene, so at dei ikkje truvte
flytja fullt so tidt. For det og er noko som Folke vaart maa lære upp-att: aa greide
seg med det det hev og det det eig; alt for lengi lærde det aa jamre yvi smaae Kaar
360 og liva pa Framtidi.

365 Her skulde me Bondestudentar vera som skapte til Fyrigangsmenner; me hev for
det meste sjølve fengi lære aa greide oss med lite. Ei stor Gjerning vilde det vera
dette med, - noko av det som mest kunde turvast i eit lite armt Folk, som etter ei
Sjølvestyring paa ikkje fullt eit hundrad Aar hev naatt upp i ei Riksskuld paa 300
Millionar, - umframt all Herads- og Hypotekskuld.

370 Det vil i det heile vera nok for oss aa gjera: me tarv ikkje syte for det. I desse
fyrste Tidene vil me og hava nok aa gjera med oss sjølve, med aa lære alt det som
me treng, um me skal verte norske Fyrigangsmenner i rett Meining. Me kjenner
375 vaare Vilkaar som dei enno er. Det Skulelive me med Stræv og Kostnad hev
arbeidt oss igjenom, hev ført oss burt - ført mange av oss langt burt - fraa
Heimen. Tidleg kom me og gjerne heimanfraa, so tidleg at me andaa ikkje rett
hadde lært Livsens harde Aalvor for det Folke som der strævar. Og Skulane me
gjekk i, var alle bygde etter framand Skikk. Enden paa Skulegonga var daa for dei
380 fleste av oss den, at naar me skulde vera ferdige til vaart norske Arbeid, stod me

der meir eller mindre avnorska. Hadde gløymt um Lag likso mykje som me hadde lært; serleg hadde me fengi Heimemaale vaart burtkvakla. Um det tek til so smaatt aa besne med dette no, so vil det enno vera mangt aa lære uppatt for
385 dei fleste av oss, fyrr me i Sanning vinn heim att.

Men aa sjaa Vandskane er for frisk Ungdom det same som aa vinne yvi deim; og
390 med den sterke Straumen av ny-vaknande Norskdom i Ryggen vil den norske Studenten greide seg for kvar Tid betre, som han daa og i Dag stend eit godt Stig lenger framme enn me gjorde i mi Tid.

395 Det gjeng fram-yvi, um det gjeng smaatt. Dørstokk-Mili hev me alt noko-so-nær gjort fraa oss; og den, veit me, var alle Dagar den lengste.

Kilde
400 Norske Embættsmänner. Studentmaallaget sine Flogskrifter. Kristiania 1906. Elektronisk versjon: www.aasentunet.no

Emner
Foredrag

URI
405 <https://www.virksommeord.no/tale/norske-embattsmenner>

410

415